



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Sektor for oppvekst, undervisning og kultur	Hilde Gunnarson	
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 23/1226	Klassering:

Plan for kvalitetsutvikling 2023-2026, Osterøy-barnehagane

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret tek plan for kvalitetsutvikling i barnehagane til vitande

Saksopplysningar:

Lovverket stiller mellom anna krav til at barnehagesektoren skal ha ein langsiktig pedagogisk plan. Kvalitetsutviklingsplanen svarar ut dette lovkravet og er samstundes kommunen som barnehageeigar si tolking og lokale vektlegging av Rammeplan for barnehage (2017).

Bakgrunn

Det ligg mange nasjonale føringar og strategiar for å sikre høg kvalitet i barnehagane. Planen byggjer også på lokale føringar for å sikre kvalitetsutvikling i lokal kontekst. Visar til strategidokumentet «Osterøy på sitt beste. Eit felles ansvar for ein meningsfull kvardag», og system for kvalitetssikring og -utvikling, som er utarbeidd for sektoren. Dette er konkretisert i Kvalitetsutviklingsplan 2023-2026 for barnehagane.

Kvar barnehage skal utarbeide årsplanar ut frå føringane som ligg i kvalitetsutviklingsplanen. Politikarane som er eigarrepresentant i eit samarbeidsutvalet, SU, vil delta i arbeidet med utarbeiding og fastsetting av årsplan for barnehagen. Nye malar for årsplan er under utarbeiding.

Vurdering

Dokumentet gjev retning til kvalitetsutviklinga i barnehagesektoren i Osterøy.
Folkehelse – arbeidet i barnehagen legg grunnlaget for god folkehelse
Miljø – skapar gode rammer for barna si utvikling som aktive og reflekterande barn
Økonomi – innanfor dei ordinære budsjettammene

Konklusjon

Heradsstyret tek planen til vitande.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

Vedlagte saksdokument:

Barnehagane - kvalitetsutvikling 2023-2026	406693	25.04.2023
--	--------	------------